

Emne:	Referat frå regionalt planforum – Kommunedelplan Rongøy og områderegulering Rong, Øygarden kommune	
Til stades:	Øygarden kommune: Øyvind Lunde, Råmund Skjold, Ottar Vik (planutvalet), Åse Husebø (ordfører) Multiconsult AS: Toril Amundsen Fylkesmannen i Hordaland: Gudrun Stefansdottir (KSA) Fiskeridirektoratet region vest: Ola Midttun Statens vegvesen: Ingelin Garen, Marian D. Barsmo Hordaland fylkeskommune: Heidi Handeland, kultur- og idrettsavdelinga (fylkeskonservatoren), Hanne Espe, kultur og idrettsavdelinga (idrett og friluftsliv), Endre Korsøen, regionalavdelinga (havbruk), Gunhild Raddum, samferdselsavdelinga, Per Nordmark, regionalavdelinga (plan), Liv Sundheim, regionalavdelinga (plan)	
Forfall:		Sak: 2014/13624-65
Møtetid:	Kl. 10.00 – 12.00	Møtestad: Fylkeshuset, møterom Sunnhordland

Møteleiar: Per Nordmark**Referent: Liv Sundheim****Kommunedelplan for Rongøy**

Per Nordmark ønskte velkomen, orienterte om planforum og planseksjonen si rolle som koordinator, og gav deretter ordet til ordfører Åse Husebø, som presenterte planen og gjorde greie for endringar etter at forslaget har vore på høyring.

Planen omfattar det nye kommunesentret. Planen er viktig for å utvikle for å ha eit levande samfunn, også etter eventuell kommunesamanslåing. I det reviderte planframlegget er det m.a. utvida område for bustad og for skule, ny vegtrase, naust og småbåthamn i Breivika og område for akvakultur. Ved høyringa kom det motsegn mot trafikale løysingar. Desse er endra i revidert planforslag. Inneheld m.a. rundkøyring i sentrum, T-kryss, og stenging av innkøyring til Ormhilleren.

Frå kommunen si side vart poengtert at ein ønskjer å få folk til å bu i området. Stikkord foretting, tilgang til sjø og tilrettelegging for båthamner. Det gamle ferjeleiet er ikkje eigna til det. Sjøen vil vere viktig trekkplaster for å trekkje kvalifiserte folk til kommunen.

Planen vart gjennomgått område for område temavis og ein starta med vegsystem og trafikale løysingar. Frå kultur- og idrettsavdelinga vart det påpeikt at det er motsegn til kommunedelplanen i forhold til tekst i vedtaket. Kommunen svarte at føresegna blir tatt inn i revidert framlegg.

Delområde 1 Rongesund, Ormhilleren.

Kommentar: Statens vegvesen ønskjer ikkje innkøyring via gang og sykkelveg grunna omsyn til sikkerheit. Dette er ei viktig problemstilling som ein må finne ut av. Ein kan eventuelt legge om gang-sykkelveg med separering mot køyrebane – ein treng då større areal.

Arseta. Her er lagt inn nytt stort bustadområde. Ein må gjere noko med vegen og krysset i samband med utbygging.

Kommentar: Dette vil føre til vesentleg trafikkauke og ein må ha trygg kryssing for mjuke trafikantar. Kan løysast ved rekkefølgebestemmelse.

Kommunen peikte på at dette området kanskje er det siste som vert realisert i planen og at kryss ligg fram i tid. Det er lagt inn gang-sykkelveg langs kystlina i aust.

Rong sentrum: vart drøfta i neste punkt om områdeplan for Rong.

Kvalen

Området inngår ikkje i sentrumsplanen. Vegane toler lokaltrafikk ifølgje kommunen.

Kommentar: Sidan skulen ligg i området må ein ikkje gløyme trafikktryggleik og kollektiv. Det må vere avsett tilstrekkeleg areal for trafikkavvikling i samband med skulen. Ein må stimulere til at flest mogleg går eller sykklar til skulen, dette lyt prioriterast.

Kommunen viste til at det er god sykkelsti og fortau ned mot skulen, og sykkelveg langs sjøen og i undergang. Det kan bli meir bussing og køyring dersom det vert skulenedlegging og dersom Øygarden vert del av ein større kommune. Dette veit ein ikkje i dag.

På spørsmål om korleis det er tilrettelagt for kollektivtrafikk vart det svart at ein har ein «miniterminal», dvs at bussen køyrer av på ei side av vegen. Det er gode terminalar i Tjeldstø og Blomvåg. Kommunen ønskjer å få vekk kryss som hindrar fart og trafikkflyt. Sidan kryssløysingane ikkje er avklarte er dei ikkje vist på plankartet – dei vil bli tatt inn seinare.

Strandlinje, natur og friluftsliv. I revidert forslag er lagt inn fleire naust i Breivika. Det vil bli småbåthamn og mindre naust, ikkje hytter/rorbuer. Omsynssone friluftsliv er endra.

Kommentar: Kor mange båtplassar er det lagt opp til, og kvifor det er lagt ut til naust? Det må visast i planen at arealet er planlagt til småbåthamn – sidan det er hamn det er behov for.

Dette skapar trafikk og utløyser behov for parkering. Korleis kjem ein dit med bil?

Kommunen viste til at det er mange interesser knytt til området i Breivika. Det er aktuelt med parkering i nord og stengt kryss i sør. Ein har ikkje svar på alt i dag og det er mange problemstillingar på detaljnivået. Kommunen vil legge til rette for rekreasjon også i havgavet, og ønskjer sti rundt heile øya.

Akvakultur:

Kommentar: Fylkeskommunen handsamar søknadene om rev i området rundt eksisterande akvakulturområde. Det er søkt om å dyrke makroalgar, i tillegg til laks. Tare og blåskjell er med for forskning, med tanke på laksefôr etc. Alle høyringsinstansar er positive, tare skal behandlast av departementet. Området vist med rosa er litt større enn lakseanlegget som ligg der i dag. Det som er vist i planen er i samsvar med søknad og ser greit ut.

På spørsmål presiserte kommunen at det skraverte formålet er kombinert formål i sjø og vassdrag. Det vart kommentert at planføresegnene må seie kva det skal brukast til, og ikkje opna for kommersiell bruk.

Elles er næring er ikkje med som tema i planen.

Bustad: vart tatt opp i samband med plan for Rong.

Områdereguleringsplan for Rong

Ordførar orienterte. Kommunesentret er flytta frå Tjeldstø til Rong. Planforslaget skal ut på første gongs høyring. Element i planen er m.a. sti langs kysten, konsentrert utbygging med leilegheitsbygg, tenesteyting, forretningar og fortetting. Ein vurderer å ta inn butikk med byggevarar. Utfylling i sjø er aktuelt for bustadområde og småbåthamn/molo i aust.

Det er ønske om rundkøyring i sentrum og miljøgate. Ny fleirbrukshall nær ungdomsskulen er under bygging. Eksisterande idrettsanlegg er planlagt flytta til andre sida vegen. Ein ønskjer strandpromenade og molo med småbåthamn..

Kommentar: Det vart stilt spørsmål om det er tilrettelagt i planen for verksemda til Scalpro. Dei har klekkeri for østers og kamskjell, har løyve til produksjon av sekkedyr og tare og er tildelt tre lokalitetar.

Kommunen meiner at produksjonen kjem i konflikt med kommunen sitt ønske om å etablere småbåthamn med molo for å kunne ha plass til større båtar, og at dei bør finne nytt område. Det vert ikkje plass på innsida moloen men kanskje utanfor. Det er konflikt ved Peparane.

Fylkeskommunen og fiskeridirektoratet understreka at Scalpro har rettigheter og løyve i området og at det er viktig å få dialog med dei, noko kommunen var samd i.

Det må vere samsvar mellom reguleringsplanen for Rong sentrum og kommunedelplanen for Rongøy.

Sentrumsområdet. Kommunen ønskjer tett utbygging med konsentrert bustadområde der det er sosial infrastruktur, og aktivitet i sentrum. Aldersgruppe 60+ er særleg aktuell.

Kommentar: Det er ei rett utvikling å samle funksjonar. Det er krevjande å skape ein attraktiv stad. I vidare planlegging for området vert det viktig å ha fokus på byforming med gateløp, torg og møteplassar, opne fasadar og i ein menneskeleg skala tilpassa. Det er viktig med rekkefølgjekrav. Ein må ivareta kvalitet og tenke langsiktig, og vere tydeleg på kva ein ønskjer å få til. Det må vere tydelege rammer på viktige tema. Fylkeskommunen og fylkesmannen kan gi råd om sentrumsutvikling. Retningsliner om attraktive sentrumsområde i nye Regional plan for attraktive senter vil vere nyttig.

Til planane om miljøgate og rundkøyring i sentrumsområdet: det er litt uvanleg med rundkøyring i eit sentrumsområde og mange har vist seg å vere mislukka. Kor langt strekk ser ein for seg? Ein må sjå på korleis dette påverker strukturen. Ein må tenke bystruktur, gatesnitt, trafikkikkerheit, fartsnedsetting m.m.. Er miljøgate og fylkesveg gjennom sentrum framtidsretta? Statens vegvesen vil ha nærare dialog.

Om kollektivløysing: Kommunen ser ikkje behov for kollektivterminal i området, denne kjem lenger nord. Det var påpeikt at det også er mykje trafikk på tvers i området.

Samlokalisering av idrettsanlegg er positivt. Det er viktig med gode løysingar dersom det vert mykje busetting på venstre side av vegen. Viktig med sykkel som framkomstmiddel – og også at det vert tenkt på transport til skule og trening på kveldstid.

Kommunen tar sikte på å legge begge planane ut til høyring i juni. Dei vert truleg ikkje vedteke med sitjande kommunestyre. Viktigare med ein god plan. Det må vere drøfting med Statens vegvesen før ny utlegging. Også fylkeskommunen og fylkesmannen er opne for drøfting av gode løysingar. Ordføraren takka til slutt for møtet.